

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 22. januar 2013.

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Erik Skjervagen, Arne Vinje, Halvor Homme, Hans Bakke, Per Dehli, Ketil Kiland, Hans Kristian Lehmann, Sverre Sæter, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Tilstades var også Siv Reidun Einebærholm frå Vest-Telemark vidaregåande skule og Jan Thorsen frå Telemark fylkeskommune.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent, og regionordførar viste til at Rådet er vedtaksført.

Sak 01/2013 Referat frå rådsmøte 27. november 2012.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 27. november 2012 vert samrøystes godkjent.

Sak 02/2013 Samhandlingsreformen - status i Vest-Telemark.

Samhandlingskoordinator Sissel Bitustøyl var tilstades og orienterte nærare om status for samhandlingsreformen.

Arbeidet er heimla i lovs form og det er oppretta overordna avtale pluss 12 avtaler innafør ulike område. Ein har faste samarbeidsmøte og gode avviksrutiner. Det ser også ut til at Vest-Telemarkkommunane kjem greitt ut økonomisk.

Telemark har i dag 4 samhandlingskoordinatorar. Evaluering av Telemarksmodellen vil kome til våren.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 03/2013 Høyring og offentleg ettersyn av regional delplan for samordna areal og transport i Grenland 2013 - 2025.

Det låg føre brev frå Telemark fylkeskommune med invitasjon til å gje uttale i saken. Frå administrasjonen låg det føre forslag til uttale frå Vest-Telemarkrådet.

I samband med ordskiftet vart det tilslutning til uttaleforslaget med eit par tilleggsformuleringar gjeldande hhv. gjennomføring av Rv 36 fram til E 18 samt realisering av høgfartsbane over Haukelifjell.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til det framlagte uttaleforslaget med tillegg i høve Rv 36 og høgfartsbane over Haukelifjell.

Sak 04/2013 Utdanning i elektrofag ved Vest-Telemark vidaregåande skule - drøfting.

Det låg føre referat frå eit møte med Vest-Telemark vidaregåande skule og representantar frå næringslivet i regionen 4. januar 2013. Regionordførar orienterte også frå eit møte same stad der leiar av hovudutval for kompetanse, Jørund A. Ruud, var tilstades.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser dei vidaregåande skulane som viktige regionale utviklings-aktørar og stiller seg bak arbeidet med å byggje opp under desse. Rådet ser på det nyoppretta "Nettverket for vidaregåande utdanning i Vest-Telemark" som eit viktig instrument i dette arbeidet.

Sak 05/2013 Høyringskonferanse - skuletilbod 2020. Vg. opplæring.

Det låg føre invitasjon til å delta på høyringskonferanse om skuletilbod og skulestruktur i den vidaregåande skulen i Telemark fram mot 2020.

Vest-Telemarkrådet drøfta saken nærare, og det vart mellom anna vist til skulanes betydning for dei enkelte elevane, for busettinga, arbeidsplassane og næringslivet og ikkje minst for det viktige samspelet mellom skulane og samfunnet omkring.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ser dei vidaregåande skulane i distrikta som viktige utviklingsaktørar med stor betydning for busetting, arbeidsplassar og næringsutvikling. På bakgrunn av det som vert lagt fram på konferansen i Bø 25. januar, vil det bli utarbeidd forslag til høyringsuttale som leggast fram for godkjenning i Rådet.

Sak 06/2013 Prosedyrer for det vidare arbeidet i Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre endringsforslag gjeldande prosedyrene for det vidare arbeidet i regionrådet utarbeidd av administrasjonen på oppdrag frå regionordførar. Forslaget omhandlar mellom anna saksgangen mellom Rådet, arbeidsutvalet, rådmannsutvalet og administrasjonen. På møtet vart det framlagt innspel frå møte mellom rådmannsutvalet og administrasjonen 18. januar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet utset endeleg handsaming til neste rådsmøte, og gjev administrasjonen i oppdrag å ajourføre endringsforslaget med innspela frå rådmennene.

Sak 07/2013 Mogleg auka engasjement i Vest-Telemarkrådet i samband med ulike tilskotsordningar. Drøfting.

Det låg føre spørsmål frå administrasjonen om det er aktuelt å auke engasjementet i høve til kartlegging og aktivt søkearbeid i høve til dei ulike tilskotsordningane for kommunal og regional utvikling.

Vetak: Vest-Telemarkrådet vil på neste rådsmøte ha ein gjennomgang av dei ulike prosjekta i Strategisk Næringsplan. Med dette som grunnlag vil Rådet ta standpunkt til kva for prosjekt/tiltak ein ynskjer finansiert og gjennomført.

Sak 08/2013 Skjønnsmidlar 2013.

Det låg føre brev frå Fylkesmannen i Telemark gjeldande skjønnsmidlar for 2013.

Etter møte i Arbeidsutvalet låg det føre forslag om å prioritere fylgjande tema/område for inneverande år: - Tiltak innan IKT-strategien for Vest-Telemark

- PPT - tiltak for tilpassa opplæring

- Den vidaregåande skulen i Vest-Telemark

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til Arbeidsutvalets forslag til disponering av skjønnsmidlane for 2013 gjeldande tiltak innan IKT samt tilpassa opplæring innan PPT.

Rådet ynskjer at prosjektet gjeldande vidaregåande skule går ut.

Regionrådsleiar får i oppdrag å sende formell søknad saman med naudsynte rapportar.

Sak 09/2013 Interkommunal psykologteneste i Vest-Telemark.

Etter søknad har Vest-Telemark sidan 2009 hatt prosjektmidlar til drifting av ein felles psykolog i ein 3-årsperiode. Perioden nærmar seg no slutten, og Vest-Telemarkrådet er i saken bede om å ta standpunkt til mogleg vidareføring på permanent basis.

Det er under utarbeiding ein rapport som vil ligge føre i nær framtid.

Vedtak: På bakgrunn av den komande rapporten får Rådmannsutvalet i oppdrag å greie ut korleis ein kan organisere og evaluere ein eventuell interkommunal psykologteneste for Vest-Telemark. Vedteke med 3 mot 2 røyster.

Sak 10/2013 Omorganisering av 110-sentralane i Telemark og Agder.

Det låg føre brev frå DSB med varsel om at 110-sentralen i Skien vil bli knytt til Vestviken 110 som er lokalisert i Drammen. Dette inneber endring i høve til tidlegare praksis der kommunane sjølve har fastsett korleis 110-sentralane skal organiserast.

Til møtet låg det også føre notat/høyringsuttale, ført i pennen av brannsjefen i Skien, der ein tilrår å ikkje knyte seg opp mot 110 Drammen, og der ein vidare ber om utsetjing av prosessen inntil Justisdepartementet har vurdert felles nødmelde-sentralar.

På møtet i Vest-Telemarkrådet la rådmannsutvalet fram forslag til uttale der ein sluttar seg til synspunkta i brannsjefens notat.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner rådmannsutvalets forslag til uttale i saken. Uttala vert å sende DSB med kopi til brannsjefen i Skien.

Sak 11/2013 Orienteringssaker.

IKT-samarbeidet i Vest-Telemark - status.

Ole Dalen orienterte nærare om IKT-samarbeidet i regionen. Det er oppretta eit konfigurasjonsstyre beståande av rådmennene og sentrale målsetjingar er å samhandle innafor innkjøp og utvikling av kommunale system. To viktige innsatsområde er samhandlingsreformen og datatryggleik.

KID-Telemark II - samordna kollektivtilbod i Telemark.

Kjell Gunnar Heggnes orienterte kort om prosjektet som går på vidare samordning av kollektivtilbodet, gjennomgåande billettering, oppgradering av knutepunkt osv.

Det er TFK som eig prosjektet og som står som søkjar ovanfor departementet.

Målsetjinga er å auke antal kollektivreisande i Telemark.

Ungdomsråd.

Med utgangspunkt i arbeidsprogrammet for 2012 – 2013 drøfta Rådet nærare omkring mogleg etablering av eit "Vest-Telemark Ungdomsråd". Ein kom fram til at dette er ein sak for kvar enkelt kommune, og at ein i alle fall førebels legg til side arbeidet med å etablere interkommunalt ungdomsråd

Vest-Telemarkkonferansen/Yrkesmessa.

Vest-Telemarkkonferansen har i år 10-årsjubileum og finn stad 7. februar på Straand Hotell. Innleiarar denne gongen er Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete og forskar Lars Ueland Kobro. Ordførarane i dei 6 kommunane dannar eit panel som vil stille spørsmål i samband med foredraga.

Vest-Telemarktinget 7. februar.

Tinget møtest i samband med Vest-Telemarkkonferansen og skal handsame forslag til budsjett for 2013 samt rapport i høve til arbeidsprogrammet 2012 – 2013.

Regional Areal og transportplan for Telemark.

Telemark fylkeskommune startar no opp planarbeidet for ATP Telemark, ein plan som skal samle både fylkesvegplanen, kollektivplanen, senterstrukturplan og trafikktryggleiksplan.

I arbeidet ynskjer fylkeskommunene å legge opp til brei medverknad frå dei ulike aktørane og endeleg planforslag skal leggast ut til høyring.

Regionsekretærene er invitert til eit innleiande møte med TFK med tanke på korleis prosessen skal leggast opp.

Telemark Interkommunale Næringsfond

Siljan kommune har signalisert at dei vurderer å trekke seg ut av Telemark Interkommunale Næringsfond. Dette kan innebere at TIN vert lagt ned.

Høgfartsbane.

Arne Vinje orienterte kort om arbeidet med høgfartsbanen. Det er no etablert eit Lyntogforum med deltakarar både frå aust- og vestsida av Haukelifjell. Det vert planlagt 2 møte der Deutsche Bahn etter planen skal orientere nærare om saken.

Sak 12/2013 Dialog med styret i Vest-Telemark Næringsforum.

Generell orientering om VTNF.

Styreleiar Gunnar Eilevstjønn takka innleiingsvis for høvet til å ha dialog med Vest-Telemarkrådet og orienterte kort om VTNF.

Dagleg leiar Knut Inge Skoland gav deretter ei nærare orientering om selskapets aktivitet. Viktige satsingsområde er mellom anna: utdanning, helse, reiseliv, marknadsføring av regionen, risikokapital og nettverksbygging.

VTNF er opptatt av å marknadsføre eit samla Vest-Telemark, herunder mangfaldet i regionen. Vidare er det ynskjeleg med tettare samarbeid mellom offentleg og privat sektor og ein ynskjer å skape dialog mellom dei ulike næringsssatsingane i regionen.

Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark - vegen vidare.

Det er ynskjeleg med dialog i høve det vidare arbeidet med Strategisk Næringsplan. Dette blir sak i Vest-Telemarkrådet i mars.

Risikokapital i Vest-Telemark.

Gunnar Eilevstjønn orienterte nærare. Grenland syner no interesse for såkornfond.

Vest-Telemark Næringsbygg har gått inn i satsingane på næringshager i Fyresdal, Kviteseid og Seljord og har "brukt opp" sin satsingskapital. Vest-Telemark Næringsforum oppmodar til vidare samarbeid om å få tak i risikokapital.

Virkemiddel-ordningane har etterkvart blitt dårlegare, og blir truleg endå dårlegare framover i tida. Innovasjon Norge er i dag ikkje innretta til føremålet, og det blir viktig å kjempe ein kamp i Stortinget.

Skattemotiverte avsetningar bør gjeninnførast, men det er uvisst om det finst politisk vilje til dette. VTNF vil utarbeide dokumenter som blir oversendt kommunane.

Arne Vinje minte om at Fjellregion-samarbeidet kan vera ein høveleg organisasjon å dra inn i dette arbeidet.

Det er ei felles utfordring for store delar av landet seier Johan Straand og gjeld all annan aktivitet enn det som er oljerelatert. Det kjem ein revisjonsrapport frå TFK der ein vil kunne gå nærare etter i høve til bruken av midlar

Vest-Telemark som region.

3 av ordførarane er invitert til å prate litt om dette i komande årsmøte i VTNF.

Kva med å lage eit scenarie av korleis det kan kome til å bli, spør Gunnar Eilevstjønn. VTNF kan vera ein aktør dersom ein ynskjer å gå nærare inn på spørsmålet.

Korrupsjon; korleis "fange opp" faresignala.

VTNF stilte spørsmål om det er interesse for å setje igang eit prosjekt retta mot privat og offentleg sektor. Tilbakemeldingane så langt har gått på viktigheten av bevisstgjeriing, haldningar, etikk osv. VTNF vil sjekke nærare og kome attende til saken.

Andre saker.

Johan Straand orienterte litt om arbeidet med reiselivsstrategi i Telemark. Prosessen er nullstilt og fylkesrådmannen inviterer til "restart" i eit eige møte 7.februar.

Vest-Telemark har fått inn representanter i både fjell-gruppa og fjordgruppa.

Oppfordrer til å stå samla i Vest-Telemark. Straand meiner at vi lokalt må finne ut korleis eigar-strukturen skal vera, og at VTR må ta ansvar for regional organisering.

Avslutningsvis peika Hans Olav Kilen på at tilskot frå Innovasjon Norge til produktutvikling etter kvart har smuldra bort. Dette har vore ei god ordning og det er ynskjeleg å formidle bekymring til Innovasjon Norge i saken.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes